

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Orientering om «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» - orientering om status for arbeidet ved seksjonsleiar Kathrin Jacobsen, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse, Regionalavdelinga.

Orientering om St. 9 «Fagfolk for fremtiden» ved Adeline Landro, spesialrådgjevar, Opplæringsavdelinga.

Utvalseleiar, Gadolin, A, kom med følgjande informasjon til utvalet: Neste møte i utval for opplæring og helse er den 7. og 8. februar 2017. Den 07.02.17 er satt av til sakshandsaming. Den 08.02.17 er satt av til skolebesøk.

Representanten Alexander Foss Andersen, SP, stilte spørsmål om bruk av elektroniske hjelpemiddel på privatisteksamen m.m., om bruken var tillat. Birthe A. Haugen, opplæringsavdelinga, opplyste at dei har ei løpande vurdering av dette. Ordlistar er stort sett tilgjengelege på privatisteksamen. **Representanten Alexander Foss Andersen stilte følgjande spørsmål:**

«I ei sak i BT 15.12.16 kjem det fram at elevar som tek privatisteksamen i Hordaland ikkje har høve til å nytta elektroniske hjelpemiddel på eksamen. Elevar som tek privatisteksamen i Oslo og Akershus har høve til dette. Ber om ei sak der denne problemstillinga vert belyst og lagt fram for utvalet.»

Representanten Ragnhild Hus Fagerbakke, H, viste til ei valdsepisode som hadde vore på Fana Private Gymnas før jul. Saka hadde og vore omtala i BT. Den som hadde utført valden fekk 1 dags utvising som sanksjon. Fagerbakke synest at sanksjonen var mild. Fylkesdirektør Heggheim forklarte at ved vald i den «offentleg» vidaregåande skulen vert politiet alltid kontakta og episoden meldt. HFK vil då forhalde seg til politiet og straffelova. **Utvalseleiar Emil Gandolin sette fram følgjande forslag:**

«Utvalet ber administrasjonen legge frem et notat om hvordan saker om vold, mobbing, trakassering og annen uønsket oppførsel sanksjoneres og håndteres i Hordaland fylkeskommune.»

Representanten Arild Borgen, R, sette fram følgjande forslag:

«Til Ymse: Forslag 1 fra Rødt til møte i utvalg for helse og oppvekst den 10.1.2017. «De siste årene har flere skoler «overbooket» klassene sine, spesielt på studiespesialiserende (ST). Det har ført til klasser med 31-33 elever. Dette fører til overfylte klasserom der det overbookes, men også at de skolene med lav innsøkning blir sittende igjen med halvfulle klasser med dertil dårlig økonomi. Rødt foreslår derfor at det settes en maksimumsgrense på 30 elever per klasse. Unntak fra dette må søkes om fra skolens side. Tiltaket settes i verk fra skoleåret 2017/2018.»

Det vart røysta over forslaget.

Røysting

Borgen sitt forslag fekk 2 stemmer (R, SV) og fall.

Representanten Arild Borgen, R, sette fram følgjande forslag: Til Ymse: Forslag 2 fra Rødt til møte i utvalg for helse og oppvekst den 10.1.2017:

«I sakspapirene fra sak RS2/17 fremgår det at så få som 15% av de som begynner på VG1 ender opp som helsefagarbeidere med godkjent fagbrev. Det fremgår også at ikke engang disse 15% begynner å arbeide som helsefagarbeidere etterpå. Når da bare ca. 1 av 10 som begynner på studiet i VG1 ender opp i yrket, er det grunn til å stille seg spørsmål om denne utdanningen er hensiktsmessig.

- A) Utvalg for helse og oppvekst ber derfor om at administrasjonen kommer tilbake med mer detaljert informasjon og forslag til hva som kan forbedres fra HFKs side.
- B) Utvalg for helse og oppvekst sender brev til KS og kommunene i Hordaland der det kreves at arbeidsgjører gjør helsearbeider til et mer attraktivt yrke for norsk ungdom. HFK kan ikke forsette å

bruke store ressurser på en utdanning som arbeidskjøper ikke verdsetter tilstrekkelig. Utvalgsleder for fullmakt til å forfatte et brev.»

(Forslaget vert med dette protokollført, men vart ikkje realitetshandsama i møte. Forslaget skulle berre protokollførast.)

Fylkesdirektør Heggheim kom med fylgjande informasjon til utvalet: Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen. Det skal vere møte mellom opplæringsavdelinga og Nordhordland Næringslag 11. januar og med Bømlo kommune og lokalt næringsliv 18. januar.

Representanten Roald Stenseide, FRP, opplyste om at det mest sannsynleg var siste gang idag, han møtte i Utval for opplæring og helse. Han hadde vore medlem i utvalet i 18 år. Han hadde no fått eit verv i fylkesutvalet.